



Alf og Johannes Hjørnevåg vil koma igong med prosjektet. Her sit dei inne i muren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er Kvinnherad Bygg som skal byggja ut Hagetunet sentralt i Uskedalen for Uskedalen Eigedom AS og Trond Rusten har no bedt kommunen om at dei fire leilegheitane som skal byggjast på eitt plan oppe på den gamle muren i det tidlegare Hagesenteret blir handsama som eiga sak.**

**Grunnen til det er at utbyggjaren (Alf Hjørnevåg, Johannes Hjørnevåg og Trond Myklebust) ønskjer å koma i gong med prosjektet.**

Rusten presiserar at endringane i reguleringsplanen som det er søkt om gjeld arealet for dei tre tomannsbustadane som ligg opp mot Geilo.

Dei 10 bustadane som prosjektet omfattar vil vera særleg tilpassa eldre, men vil vera slik innretta at ein kan bu der heile livet.

Bustadane i det tidlegare hagesenteret blir på 73 kvadratmeter.

Johannes Hjørnevåg har tidlegare opplyst at dei vil setja igong med rydding av området og klargjera det for bygging allereie i haust.

Av Ola Matti Mathisen